

# ÅRSMELDING 2023

## JØSNESET BYGDARÅD

### Organisering

Styret 2023:

-Oddvar Skiftun (leiar) – Silje Sværen (sekretær) – Lars Reidar Nedvik (kasserar)

-Johan Hjorteland (vaktmeister) – Jostein Hjorteland (utleige)

-Vara: Jon Brandal – Øyvind Oaland

Valnemnd: - Svanhild Hjorteland – Berit S. Hjorteland – Solveig Bog

Revisor: - Tor Magne Skiftun

Smashingkomiteen:

Odd Fosså, Hanne Tjeltveit, Sven Westersjø, Silje Sværen, Oddvar Skiftun (som leiar)

Trening/Trim: Silje Sværen, Svanhild H. Gbada

Redaksjonsnemnd: Silje Sværen, Svanhild H. Gbada

Flaggmann: Inge Torkel Skiftun

Dekorator: Svanhild H.Gbada

«Gamle ferdsels-og snarvegar»: Ådne Skiftun, Rasin Tjeltveit, Svanhild H. Gbada

### Aktivitet 2023 og første del av 2024

#### Mars

-Årsmøte for Jøsneset Bygdaråd og Jøsneset Ungdomslag

-Kontaktmøte Hjelmelands kommune

-Styremøte – konstituering og gjennomgang av årsmøtevedtak

-Møte med Hjelmeland kommune, teknisk

-Gåvebrev til Jøsneset Bedehus (påskebasaren)

#### April

-Seniortrim

#### Mai

-Styremøte

-Dugnad og rydding

-Pubarrangement, ca 40 møtte

-Møte om terrassebygging

#### Juni

-Dugnad og rydding, 7 møtte

-«Kveldsmat» - oppstart «Gamle ferdsels- og snarvegar», ca 25 møtte

-Jonsokfeiring i Skiftustranda utan bål pga brannfare, ca 25 møtte

-Dugnad på grendasenteret

## **Juli**

- Ny oppslagstavle på plass
- Styremøte
- Ferdigstilling av «terrasse»

## **August**

- Smashing, ca 250 gjester, vellukka
- «Skalkafest» for dugnadsgjengen

## **September**

- Kontaktmøte Hjelmeland kommune (Søknadskveld)

## **Oktober**

- Styremøte
- Innsamlingsaksjon
- Forhandlingsmøte (ny driftsavtale) Hjelmeland kommune

## **November**

- Kontaktmøte bygdaråda og Hjelmeland kommune

## **Desember**

- Julepyntingen av grendasenteret
- Julerettening, graut mm

## **Januar 24**

- Styret – rydding mm
- Kontaktmøte Hjelmeland kommune

## **Februar 24**

- Styremøte
- Møte med Mowi

## **Pågåande saker**

- Etablering av reklame på heimesida
- Ny mur leikeplassen
- «Gamle ferdsels- og snarveggar»
- Markering av historia bak gapahuken «Fosstemmen»
- Utspel frå kommunedirektøren om framtida for grendasenteranlegget
- Lunefull oppvaskmaskin og lekkasje toalett

## **Økonomi/Rekneskap**

Rekneskapen pr. 31.12.2023 syner ein solid økonomi, delt på ulike «avdelingar». For 2023 er overskotet relativt stort i høve til vedteken budsjetteramme frå årsmøtet. Litt varsom budsjettering for 23 er nok også ei delårsak til det positive avviket. Som Tidlegare år er det Smashingarrangementet som er hovudårsaka til positiv økonomisk utvikling.

Stor dugnadsviljen, er likevel fundamentet for både Smashingarrangementet og

annan aktivitet som bygdarådet er ansvarlig for. For nærare innsyn og informasjon viser ein til sjølve rekneskapsaka.

## **Ros og Ris**

Styret meiner ein har halde seg innanfor bygdarådet sitt reglement- og har samla sett halde seg godt innanfor vedtekne budsjetttrammer. Frå revisor kom det ikke fram spesielle føringar overfor bygdarådet då rekneskapsen bart vedteken for 2022. I vedteken årsmelding for 2022, peika styret sjølv på fleire forhold som burde forbetrast for 2023 – samstundes la budsjettet klare føringar for styret sitt arbeid for 2023.

Styret har i stor grad fått effektuert både sjølvpålagde forbetringar og vedtekne budsjetttiltak.

Av større tiltak er ny terrasse ferdigbygd på dugnad – Roar Langvik, Johan Langvik, og Vebjørn Fosså saman med ma Sven Westersjø og Odd Fosså gjorde stor dugnads-innsats.

Ny oppslagstavle kom på plass i samarbeid med helselaget (Johan Langvik laga sjølvve tavl mot betaling).

Flytting av leikeapparat og oppsetjing av nytt kom også på plass. Problem med varmtvassberedar, avløp, toalett og internett har styret brukt ein del tid på.

Hjelmeland kommune har sett opp ny solavskjerming på hovedbygget, litt arbeid gjenstår.

Ny driftsavtale med Hjelmeland kommune er signert.

Styret har fått på plass mva-kompensasjon for 2022, jobbar med reklame på heimesida, men har framleis ikke fått på plass ny mur ved leikeplassen (avheng av entreprenør)

Gruppene som har ansvar for trening/trim og Smashingarrangementet, fortjener ros for attraktiv tilrettelegging og flott gjennomført arrangement. Men mest av alt fortjener alle som stiller opp på dugnad den finaste rosen.

Utifrå kontaktmøte mellom HK og øvrige bygdsråd, framstår Jøsneset Bygaråd som strukturert og veldrive.

Styret meiner også at bygdarådet har eit gjensidig greit forhold til Hjelmeland kommune. Litt samarbeid med Jøsenfjorden Bygdaråd kan også nemnast.

## **Utfordringar**

Som for 2022, er meir bruk av barnehagebygging ei klar utfordring saman med å få flere leigetakarar til utleiekontora.

Det må heller ikke stikkast under ein stol at styret sjølv brukar relativt mykje tid på vanlege driftsoppgåver for å halda oppe eit rimeleg aktivitetsnivå. Å nytta seg av td ekstern rekneskapsbistand, er eit tilbakevendande spørsmål.

Heilt avgjerande for drift av anlegget og større arrangement er stor dugnadsviljen frå Jøsnesbuen, spørsmålet er om ein kan påregna denne innsatsen i framtida ? – me vert heller færre enn fleire i bygda. Å finna rette balansen mellom aktivitetsnivå og forventna dugnadsvilje, er og vil verta eit viktig tema framover.

**Årsmeldinga for 2023** er styret si subjektive oppfatning og tilbakemelding frå driftsåret 2023 til bygdafolket og årsmøtet (og aktuelle eksterne aktørar). Årsmeldinga ser tilbake på 23 som grunnlag og informasjon for å sjå framover.

Skiftun 01.03.2024

Oddvar Skiftun

Jostein Hjorteland

Silje Sværen

Johan Hjorteland

Lars Reidar Nedvik